



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmvtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2021/824 -

Dato 18.01.2021

Innkalling til styremøte 04.02.21

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 04.02.21 kl. 12:00
Stad: Teams videomøte

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

Sak 01/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 02/21 Referatsaker

RS 01/21: Delegert sak: Søknad om bruk av helikopter i samband med strukturteljing hausten 2020 – Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval (saksnr. 2020/10125)

RS 02/21: Delegert sak: Søknad om løyve til bruk av snøskuter til hytte på Finnvollen og gapahuk ved Våtjønn i Hjartdal kommune - Halvor Sandbu (saksnr. 2020/10239)

RS 03/21: Delegert sak: Søknad om løyve til bruk av snøskuter til eigedom 83/7 og 62/4 ved Vindsjøen i Hjartdal kommune - Anders Bakken (saksnr. 2020/11924)

RS 04/21: Klage på varsling av møte avholdt 22.09.20 i verneområdestyret – Mathias Kleppen (saksnr. 2021/364)

Sak 03/21 Saksframlegg: Søknad om oppføring av tilbygg til uthus på Reinarstaul 143/1 i Seljord kommune – Olav Kåsa

Sak 04/21 Saksframlegg: Søknad om forlenging av løyve til bruk av snøskuter til privat eigedom ved Skjesvatn i Hjartdal kommune – Helge og Jan Hovdejord

Sak 05/21 Eventuelt

Sak 06/21 Neste møte



Sak 03/21

Søknad om oppføring av tilbygg til uthus på Reinarstaul 143/1 i Seljord kommune - Olav Kåsa

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Olav Kåsa søker om fornying av tidlegare gjeve løyve for oppføring av eit tilbygg på uthus på Reinarstaul ved Sandsetvatn, gnr. 143 bnr. 1 i Seljord kommune. Tilbygget er ei bod på 1m² på eit uthus som blir nytta som biowc/utedo. Dagens utedo er på 1m². Tilbygget skal nyttast til lagring av ved og reiskap

Plan, miljø og teknisk utval i Seljord kommune ga løyve til omsøkt tiltak i møte den 10.04.2008. I 2008 hadde kommunane forvaltningsansvaret i Brattefjell-Vindeggen LVO. Tiltaket er ikkje gjennomført og vedtak er ikkje lenger gyldig. Tiltakshavar søker difor fornying av utgått løyve gjeve i 2008.

Vedlegg

- Søknad motteke 18.12.20 (2020/12518-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Vedtak sak 2008/1920
- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt. 1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)"* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldloven § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Reinarstaul ligg på vestsida Sandsetvatn i Seljord kommune. Staulen ligg ikkje innanfor vinterbeite- eller kalvingsområde for villrein. Det er forvaltningsplanens generelle bestemmingar som er førande i denne saka. Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra.

I forvaltningsplanens kapittel om bygningar i landskapsvernområdet står det følgjande: *«Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, vindauge, og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad. Alle former for utviding og fasadeendring mv. som er unntatt søknad etter plan- og bygningsloven § 20-5, er likevel søknadspliktige i landskapsvernområdet.»*

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege. Til dømes er det sannsynleg å anta at utviding av overnattingskapasitet på ei hytte vil kunne medføre meir bruk og auke i samla belastning i et verneområde, enn ei fasadeendring. Er forvaltningsmyndigheita usikker på kva negative effektar eit tiltak kan føre med seg for verneområde, kan dei nytte Naturmangfaldslovas bestemming om «føre-var-prinsippet».

I denne saka søkjast det om eit mindre tilbygg på 1m² på eit uthus som blir nytta som biowc/utedo. Dagens utedo er på 1m². Tilbygget skal nyttast til lagring av ved og reiskap. Tilbygget er tenkt oppført med tømmermannspanel med mørk beis og torv på taket, slik at det vert i stil med staulen og eksisterande utedo.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvsagt få litt meir støy på staden i samband med sjølv arbeid, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernområde. Det heiter seg i forvaltningsplanen at dei skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Likevel er det mange dømer på at bygningar i Brattefjell-



Vindeggen er tekt med bølgeblekkplater, noko som og må seiast å vere tradisjonelt for området. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse.

I denne saka meiner forvaltar at det omsøkte tilbygget på 1m² ikkje på nokon måte vil koma i strid med føremålet med vernet. Reinarstaul vil framleis oppretthalde eit tradisjonelt preg i området. Bygget er lite og vil ikkje føre til nokon auka bruk av eigedomen eller auka trafikk i området.

Det går godkjent skuterslepe over Sandsetvatn nær staulen, noko som betyr at eventuell materialtransport kan skje etter denne og at slik køyring berre krevjar dispensasjon etter motorferdselslova.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Olav Kåsa løyve til omsøkt tilbygg på uthus/utedo på 1 m² på Reinarstaul i Seljord kommune i samsvar med søknad dagsett 18.12.20. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner tilbygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Olav Kåsa.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 04/21

Søknad om forlenging av løyve til bruk av snøskuter til privat eigedom ved Skjesvatn i Hjartdal kommune - Helge og Jan Hovdejord

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Helge og Jan Hovdejord med nær familie søker om løyve til motorferdsle med snøskuter i samband med transport av bagasje, utstyr og ved til egne hytter i eit avgrensa område ved Skjesvatn i Hjartdal kommune.

Dei har hatt løyve innanfor verneområdet som gjekk ut 15.04.19. Det blei den gong berre gjeve løyve til den datoen sidan det gamle styret ikkje kunne gje løyve utover styreperioden. Difor søker dei no om forlenging ut sesongen 2023, i samsvar med kommunalt løyve.

Det er Hjartdal kommune som gjev løyve etter motorferdsellova, og kommunen kan også gje slik løyve innanfor landskapsvernområdet – utan at verneområdestyret trenger å sjå på saka når transporten går etter dei vedtekne traseane for motorferdsle i området (sjå forvaltningsplanen).

Er det derimot naudsynt for transport *utanfor* traseane må verneområdestyret handsame spørsmålet som ein dispensasjonssak.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse og tidlegare vedtak, dagsett 29.12.20 (2021/102-1)

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2017.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol".



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitsskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Helge og Jan Hovdejord søker om løyve til køyring både etter etablerte trasear (vedtekne i forvaltningsplanen) og utanfor. Det er køyring utanfor etablerte trasear som handsamast i denne saka, og då dreier det seg om strekninga mellom Butjønn og Åto I tillegg kjem ein trasé delvis innafør og delvis utanfor verneområdet mellom Skeie og Fyribøvatnet-Hundemyr.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I område som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonale føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.

Traseen mellom Skeie og Fyribøvatnet-Hundemyr gjeng i skogen i eit område reinen ikkje er vinterstid. Traseen mellom Åto og Butjønn er i eit område der det er større moglegheiter for å treffe på rein – spesielt lengst nord mot Butjønn. Traseane er ikkje i vinterbeite- eller kalvingsområdet, men gjeng inn i det som forskrift for motorferdsle i sårbare område i Brattefjell-Vindeggen har definert som villreinområde. Motoriserte ferdsle kan difor ikkje skje etter 15. april.

Det er kjend at reinen kan vere i området, og det må reknast med at ein kan koma til å sjå dyr. Det er difor svært viktig at ein er aktsam under transporten.



Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Helge og Jan Hovdejord løyve til å motorferdsle med snøskuter etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 29.12.20. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld fram til 31.12.23. Sidan det skal køyrast innanfor det som er kalla villreinområde i forskrift om motorferdsle i Brattefjell-Vindeggen, kan det ikkje gjevast løyve til køyring etter 15. april. Verneområdestyret kan heller ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Løyvet gjeld berre for bagasje, ved og utstyr. Tal turar skal kunne dokumenterast.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Helge og Jan Hovdejord.

Kopimottakarar:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.